


KULTURBÅTEN M/S NYBAKK BLIR AMBASSADØR FOR GULATINGET – TUSENÅRSSTADEN FOR SOGN OG FJORDANE



Veteranfiskebåten M/S Nybakk frå Raudeberg i Vågsøy kommune blir sendebod for Gulatinget – Tusenårsstaden for Sogn og Fjordane. Dette vart konklusjonen då representantar for Tusenårsstaden Gulatinget og M/S Nybakks venneforening sette kvarandre i stemne på Guløy førre fredag.

- Vi har vore i dialog om samarbeid i eit års tid og er no blitt samde om ramma for det vidare samarbeidet, seier Espen Selvik frå Gulatinget og Per Kåre Nybakk frå M/S Nybakks venneforening. Møtet og oppsummeringa i Gulen førre fredag markerer både slutten på året kulturtokt i vesterled med M/S Nybakk - og starten på eit nytt hektisk år med planlegging og førebuing. For oss er dette utrulig stort og ærerikt oppdrag, seier Per Kåre Nybakk i M/S Nybakks venneforening.



Nærmare om planane for neste år

Neste år er planen å gå vestover med M/S Nybakk tidleg i juni og returnere til Gulatingsdagen 28. juni. Alle tingstadane som vart etablert etter mønster frå Gulatinget skal vitjast, like til Isle of Man og Dublin, seier Per Kåre Nybakk. Vi kjem til å reise vestover med offisielle gåver og helsingar frå Gulatinget, og vi planlegg å kome heim til markeringa på Gulatingsdagen med gåver og helsingar frå dei ulike tingstadane i vest.

Kulturtoktet i 2014 blir ein del av den storstilte markeringa av grunnlovsjubileet på tusenårsstaden i Gulen, forklarar leiar for Tusenårsstaden Gulatinget Espen Selvik. Frå saga veit vi at 28 juni var Gulatingsdagen då dei møttest til tingsamling og neste år er målet vårt er å markere dette gjennom eit rikhaldig kulturelt og fagleg program. At Nybakk skapar blest om Gulatinget i vesterled og kjem til markeringa i Gulen med helsingar og kulturelle innslag frå tingstadane i vest passar svært godt inn i opplegget vårt. Det passar også godt inn i arbeidet i det nordatlantiske tingstadnettverket med å vidareføre samarbeidet mellom tingstadane.

- Gjengen bak M/S Nybakk har demonstrert at dei kan levere kystkultur på eit høgt nivå. Dei er samstundes autentiske og litt vikingar, seier Espen Selvik. Gjennom samarbeidet så langt er eg blitt overtydd om at dei både er seriøse og vil gjennomføre det dei har sagt dei skal gjere. For Tusenårsstaden Gulatinget blir dette samarbeidet ein stor ressurs for å utvikle levande kontaktar i vest. Dette er eit av dei langsiktige prosjekta som Tusenårsstaden Gulatinget arbeider med, seier Selvik.



Årets kulturtokt med M/S Nybakk

Årets kulturtokt med M/S Nybakk starta med torgdagen i Bergen 8. juni. Dagen etter gjekk turen til Nordsjøfartsmuseet i Tølvåg som også er ein viktig partner for oss. Frå Tølvåg gjekk turen til Orknøyane, Dingwall og Hebridane via Caledoniakanalen. Turen gjennom det skotske innlandet var ein ny og spesiell oppleving. På vegen heim frå Hebridane besøkte vi Shetland.

På oppdrag frå Gulatinget oppsøkte M/S Nybakk venneforening representantar for tingstadane på Orknøyane og Shetland og i Dingwall ved Inverness, fortel Per Kåre Nybakk.

- I år handla desse møta om å knyte kontaktar og presentere tankane vi har for neste år. Vi har møtt stor interesse og begeistring for planane våre. På Hebridane og øya Skye har vi også fått melding om at også dei gjerne vil vere med på opplegget til neste år, sjølv om dei ikkje har vore aktive i tingprosjektet til no. Vi har gledd oss veldig til å kome heim til Gulen med desse nyhenda, fordel ein entusiastisk Per Kåre Nybakk.



Litt bakgrunnsinformasjon om M/S Nybakk venneforening

M/S Nybakks Venner har som ansvarleg eigar av veteranfiskebåten M/S Nybakk drive kulturutveksling med Orknøyene og Shetland sidan M/S Nybakk igjen vart sjødyktig igjen i 2008, etter tusenvis av arbeidstimar. Båten har vore seks gongar til Shetland og tre gongar til Orknøyane etter restaureringa. På 1960 og 1970 talet dreiv båten havfiske i områda ved Shetland, Orknøyane, Hebridane og Færøyane.

Dette er ein veteranfiskebåt bygd i tre som står i ein over tusenårig tradisjon av bruksbåtar. Båten vart bygt i 1961 og er det siste spesialbygde havfiskefartyet i tre som framleis er i drift. Vi har framleis ein del kystfiskebåtar i tre, men på storhavet er det no stålåtane som har overtatt hegemoniet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har fleire gongar gitt uttrykk for at dei meiner M/S Nybakk, som er verna av Riksantikvaren, er eit viktig kulturminne. Ved å samarbeide med museum utanlands og lokale utstillarar tek Nybakk med seg både den lokale og norske kulturen ut, og bidreg såleis aktivt til å synleggjere Sogn og Fjordane. At M/S Nybakk venneforening har gjort båten sjødyktig igjen etter mange dugnadstimar meiner fylkeskommunen er beundringsverdig og uttrykk for sann interesse og engasjement kring viktige saker.

For andre året på rad har M/S Nybakk i år ein utstilling frå Museet på Orknøyane om bord. Dei har alt tinga på å få vere med på å lange ein tingutstilling til neste år. Dette er litt av kjernen i opplegget vårt her ombord, forklarar Nybakk. Vi vil gjerne reise vestover og vise kva vi har i Noreg. Men for oss er det like viktig å kome heim med noko som samarbeidspartnarane i vest våre ynskjer å viser fram til eit større publikum.



**Created for Nybakk by
The Orkney Museum
Translated by Dr. Ragnhild Ljosland,
The Centre for Nordic Studies, Orkney**

Fleire opplysingar om årets kulturtokt, M/S Nybakk og aktivitetane til M/S Nybakks venneforening finn ein på heimesida www.msnybakk.no

Litt bakgrunnsinformasjon om Tusenårsstaden Gulatinget

Etableringa av Tusenårsstaden Gulatinget var eit samarbeid mellom Gulen kommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune i samband med markeringa av overgangen til nytt årtusen.

Tusenårsstadane i Noreg skal "...ha nasjonal kulturell og miljømessig verdi som peikar ut over det enkelte fylke. Dei skal vere møteplassar for samhandling, kulturopplevingar og utfolding. Dei skal byggje vidare på våre eigne historiske verdier og kulturelle verdier, hente inspirasjon frå andre kulturar og representere verdier for framtida" (Stortingsproposisjon nr. 55, 1997-98).

Tusenårsstaden Gulatinget står mellom anna sentralt i arbeidet med å utvikle eit nordatlantisk tingstadnettverk. Ein viktig oppgåve for prosjektet er å knyte Gulatinget opp mot andre tingstader i Nordatlanteren. Det vart difor tidleg teke kontakt med administrasjonen knytt til andre tingstader for å danne eit nettverk. Desse landa er i dag medlemmar av Nordatlantisk Tingstad Nettverk: Noreg, Island, Isle of Man, Skotland, Shetland, Orknøyane og Færøyane.

Fleir opplysingar om Tusenårsstaden Gulatinget finn ein på heimesida www.gulatinget.no

Kontaktpersonar

Espen Selvik: +47 409 24 700 (Tusenårsstaden Gulatinget)

Per Kåre Nybakk: +47 913 56 815 (M/S Nybakks venneforening)